

Wenche Hjelmås
MORVIKBOTN 16
5122 MORVIK

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: 67684413-7a9f-48d5-a4c9- Linda Hammersvik Folkestad 18.06.2020
3fe69529f8d7
Vår: 20/11492 - 20/37505 linda.folkestad@alver.kommune.no

Svar på søknad om endra eller utvida bruk av avkjørsel - GBNR 348/49 Skurtveit

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle
Byggestad: Skurtveitvegen – gbnr 348/49
Tiltakshavar: Turid Helle
Ansvarleg søker: Wenche Hjelmås

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle i samband med bruksendring av løe på gbnr 348/49, Skurtveit.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Eigedom gbnr 348/49 er ei frådelt parsell som der det står ei gamal falleferdig løe. Eigedom vart frådelt for ca 15 år sida. Føremål med frådelinga var bygging av ei fritidsbustad. Noverande eigar kjøpte eigedomen i 2019 med føremål å bygge om løe til bustad.

I samband med dette vert det søkt om bruksending av løe. Før byggesak kan handtere søknaden skal det ligge føre utvida bruk av eksisterande avkjørsle.

Vurdering/drøfting:

Skurtveitvegen er ei kommunal veg som endar i ei privat veg. Kommunal veg er etablert som ei eittfeltsveg med to køyereretningar. Det er ikkje vedteke særskilt fartsgrense i kommunevegen. Det betyr at fartsgrensa følgjer av vegtrafikkloven § 6. Fartsgrense i communal veg er vurdert til å være 50 km/t (jf. vegtrafikklova § 6). Det betyr at minste krav til sikt i avkjørsla er satt til 4 x 45 meter i gjeldande regelverk.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ikkje sjå at det er noko som tilseier at ein ikkje kan gje utvida bruk av eksisterande avkjørsl for ei bustadeining på gbnr 348/49.

Vedtak:

Alver kommune gir løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for ein einebustad på gbnr 348/49 på vilkår. Løyve er gitt i samsvar med Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk.

Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Kommunal veg har ikkje særskilt fartsgrense. Fartsgrensa 50km/t følgjer av vegtrafikkloven §6. Siktsone for fartsgrense 50 km/t er satt til 4 x 45 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikt-hindringar (gjeld alle typer sikthindringar) som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt veggivå. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjør merksam på at tiltaket kan være søknadpliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvalting (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4. ledd.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Wenche Hjelmås

MORVIKBOTN 16 5122

MORVIK